

**Møte onsdag den 12. oktober kl. 13.**

President: Guttorm Hansen.

*Åpning av det 122. ordentlige Storting.*

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 122. ordentlige Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den vil bli til gagn for fedrelandet.

Regjeringen vil på grunnlag av resultatet av årets stortingsvalg fortsette sitt arbeid med utgangspunkt i langtidsprogrammet og Arbeiderpartiets arbeidsprogram.

Regjeringen innbyr alle grupper i Stortinget til et åpent, saklig samarbeid.

Med de betydelige problemer i internasjonal økonomi og for enkelte næringsgrener i Norge, ser Regjeringen det som en hovedoppgave å trygge arbeidsplassene. Så lenge mange av våre viktigste handelspartnere har en svak økonomisk utvikling med høy arbeidsløshet, stiller dette store krav både til den økonomiske politikk og til samarbeidsviljen i arbeids- og næringsliv.

Regjeringen vil føre videre en aktiv reformpolitikk. Norges økonomiske muligheter må nyttes til å skape et kvalitativt bedre samfunn. Regjeringen legger særlig vekt på:

- internasjonal solidaritet,
- arbeid for alle,
- trygghet og gode levekår,
- større solidaritet og likeverd,
- styrking av familie og lokalsamfunn,
- bedre arbeidsmiljø,
- forsvarlig forvaltning av naturressurser og miljø,
- frihet, demokrati og rettssikkerhet.

Regjeringen vil føre norsk utenriks- og sikkerhetspolitikk videre etter de samme hovedlinjer som hittil.

Norge vil bidra til å bygge ut det gjensidige forpliktende samarbeid mellom folkene, og medvirke aktivt til en styrking av De Forente Nasjoner.

Samarbeidet i NATO vil fortsatt være hjørnesteinen i Norges sikkerhetspolitikk. Gjennom dette samarbeidet og på annen måte vil

Norge virke for økt sikkerhet, fortsatt avspenning, rustningskontroll og nedrustning.

Regjeringen vil bidra til ytterligere utbygging av det nordiske samarbeidet og til å styrke forbindelsene med landene i Vest-Europa og Nord-Amerika.

Regjeringen vil utvikle videre forbindelsene med Sovjetunionen og de andre østeuropeiske land.

Regjeringen vil utbygge støtten til de folk som ennå må kjempe for sin uavhengighet. Regjeringen vil støtte internasjonale tiltak mot rasediskriminering og undertrykkelse, og vil medvirke til å styrke det internasjonale vern av menneskerettighetene.

Samarbeidet med utviklingslandene vil bli styrket. Regjeringen vil arbeide aktivt for en ny økonomisk verdensordning. Utviklingshjelpen vil i 1978 bli foreslått økt til én prosent av bruttonasjonalproduktet.

Regjeringen vil internasjonalt arbeide for tiltak som kan stimulere den økonomiske utvikling og bidra til økt sysselsetting og større stabilitet i internasjonal økonomi.

I vårt eget land vil den økonomiske politikk bli utformet med sikte på å sikre den fulle sysselsetting.

Regjeringen vil samarbeide med partene i arbeidslivet med sikte på at realinntektene sikres med minst mulig øking i priser og kostnader.

Regjeringen vil også bruke andre økonomisk-politiske tiltak for å dempe pris- og kostnadsstigningen bl.a. for derigjennom å trygge sysselsettingen. Regjeringen vil legge vekt på at grupper med lave inntekter får en rimelig inntektsøkning i 1978.

Det vil fortsatt være nødvendig med selektive hjelpetiltak overfor bransjer og enkeltbedrifter for å sikre sysselsettingen. Tiltakene vil bli utformet slik at de i størst mulig grad også bidrar til å styrke den langsiktige konkurransevne gjennom investeringer og nødvendige omlegginger.

Regjeringen vil foreslå økt innsats for å hjelpe dem som står særlig svakt på arbeidsmarkedet — funksjonshemmede og grupper av eldre, kvinner og ungdom.

Regjeringen vil fortsette arbeidet for å skape et enklere og mer rettferdig skattesystem. Stortinget vil få seg forelagt vurderinger av prinsippene for bedriftsbeskatningen, herunder spørsmålet om å dele beskatningen av næringsdrivende i en person-del og en bedrifts-del.

Regjeringen vil føre en aktiv distriktspolitikk med sikte på å bedre den geografiske fordeling av private og offentlige arbeidsplasser. Etableringsloven vil bli brukt aktivt for å styrke distriktsutbyggingen.

Det vil bli lagt fram meldinger om norsk samferdselsplan og om hurtigruten.

Regjeringen vil føre jordbruks- og skogbrukspolitikken videre etter de retningslinjer som Stortinget har sluttet seg til.

Gjennomføringen av inntektsmålsettingen i jordbruket vil bli fulgt opp i samsvar med Stortingets vedtak 1. desember 1975 med særlig vekt på å heve inntektene til de jordbrukere som har den svakeste økonomi.

Ved gjennomføringen av langtidsplanen for fiskerinæringen og ved fiskeriavtalen vil Regjeringen medvirke til å sikre fiskerne og de ansatte i fiskeriindustrien rimelige inntekter og mest mulig stabil sysselsetting.

I sin politikk for større solidaritet og likeverd tar Regjeringen sikte på å oppnå større likhet i de samlede levekår.

Det vil særlig bli lagt vekt på å bedre forholdene for de svakest stilte i samfunnet.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget en plan for opptrapping av minstepensjonene i folketrygden. Første trinn i denne opptrapping vil bli gjennomført i 1978.

Utdanning virker inn på mange sider av levekårene. Regjeringen vil ta initiativ til å gjennomgå skolens innhold og vurderingsmetoder i lys av målene om demokrati, reell likestilling og personlig vekst.

Regjeringen vil arbeide for at lokalsamfunn og nærmiljø skal gi grunnlag for trivsel og engasjement. Melding om vegplanlegging i byer og tettsteder vil bli fremmet. Trafikkreglene vil bli revidert med sterkere vekt på å trygge fotgjengere og syklistene.

Regjeringen vil fortsatt gi høy prioritet til boligbyggingen. Innsatsen for å modernisere den eldre boligmasse vil bli økt. Det vil bli lagt vekt på å skape bedre bo-miljøer. Ensliges behov for boliger vil bli tillagt vekt.

Regjeringen vil føre en politikk som styrker familien og gir alle dens medlemmer muligheter til valgfrihet og selvutfoldelse. Hensynet til familiens behov må tillegges større vekt i samfunnsplanleggingen.

Regjeringen vil fremme økt likestilling mellom kvinner og menn i fordeling av ansvar, rettigheter og muligheter.

Omsorgsarbeid i familien for barn, syke og eldre oppvurderes.

Det vil bli lagt vekt på å øke mulighetene for å kombinere yrkesaktivitet med omsorg for små barn.

Regjeringen vil legge fram forslag vedrørende distriktshelsetjenesten med sikte på en bedre dekning av legebehovet, særlig i utkantstrøk.

Regjeringen ser det som en viktig oppgave å få redusert antallet uønskede svangerskap

og svangerskapsavbrudd. Som et ledd i dette arbeidet vil undervisning om samlivsspørsmål og prevensjon bli styrket i skolen og gjennom helsevesenet. Den offentlige familierådgivning og tilbud om veiledning i familieplanlegging vil bli videre utbygget. Støtten til enslige mødre og vanskeligstilte familier vil bli bedret. Kvinner som får spesielle problemer i forbindelse med sitt svangerskap, må sikres nødvendig veiledning. Når en kvinne ser svangerskapsavbrytelse som den eneste utvei, må hun selv ha adgang til å treffe den endelige beslutning i de 12 første ukene av svangerskapet.

Regjeringen legger vekt på å sikre en langsiktig og forsvarlig forvaltning av naturressurser og miljø, og vil utvikle mer effektive virkemidler i miljø- og ressurspolitikken. Bruken av naturressurser vil bli undergitt en helhetsvurdering. Ressurspolitiske hensyn vil bli innarbeidet i beslutningsprosessene på et tidlig tidspunkt.

Arbeidet med en ny lov om planlegging av ressursutnytting, vernetiltak og utbygging, tar sikte på å forenkle og samordne lovverket og styrke den regionale planlegging. Arbeidet med ressursregnskap, ressursbudsjett og andre hjelpemidler i miljø- og ressurspolitikken vil bli videreført.

Regjeringen vil styrke innsatsen i naturvernet. I den offentlige planlegging vil vernehensyn bli tatt med i vurderingen på alle trinn i saksbehandlingen.

Regjeringen tar sikte på å få slutført de gjenstående forhandlinger om avtaler og ordninger for Norges økonomiske sone og kontinentalsokkel. Det vil bli lagt vekt på en effektiv håndhevelse av avtaler og ordninger. Regjeringen vil fremme konkrete utbyggingsforslag for kystvakten.

Utviklingen av olje- og gassforekomstene på den norske kontinentalsokkelen vil skje etter de hovedretningslinjer som har vært fulgt hittil. Det vil bli lagt stor vekt på sikkerhetstiltak og oljevernberedskap.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget en melding om energiøkonomisering sammen med en oversikt over den samlede balanse i elektrisitetsforsyningen.

Regjeringen vil legge til rette en energipolitikk som bidrar til å trygge sysselsettingen, og som samtidig verner naturgrunnlaget.

Regjeringen støtter det langsiktige arbeidet med å utrede mulighetene for alternative energikilder. Ved den videre vannkraftutbygging vil det bli lagt sterk vekt på naturvernens hensyn.

Regjeringen vil i 1978 legge fram forslag om nasjonalpark på Hardangervidda.

Regjeringen vil fremme forslag om en samlet lov om vern mot forurensning og forsøpling.

Bedriftsdemokratiet vil bli utvidet til å omfatte større deler av privat og offentlig virksomhet, herunder også utenriksfart.

Regjeringen vil legge fram for Stortinget en melding om organisering av den statlige industrivirksomhet.

Regjeringen vil opprette et eget departement for olje- og energisaker.

Det vil bli fremmet en stortingsmelding om kriminalpolitikk.

Regjeringen vil fortsette arbeidet med å gjennomføre forenklingstiltak som bidrar til å bedre forholdet mellom den enkelte og den offentlige administrasjon. Byggesaksbehandlingen vil bli forenklet.

Med utgangspunkt i utredningen om kirke og stat vil Regjeringen legge fram en melding om organiseringen av Den norske kirke.

Jeg ber Gud signe Stortingets gjerning og erklærer Norges 122. ordentlige Storting åpnet.

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Annemarie Lorentzen:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Gjennom FN, FN's særorganisasjonar og andre internasjonale organisasjonar har Noreg arbeidd aktivt for å utvikle vidare det mellomfolkelege samarbeidet med sikte på avspenning, fred og internasjonal økonomisk og sosial rettferd og solidaritet.

I FN og andre internasjonale fora har Noreg stødd dei folk som framleis må kjempe for menneskeverd og sjølvstyre. Regjeringa har spesielt følgd utviklinga i det sørlege Afrika. Statsministeren var med på verds-konferansen mot apartheid i Lagos i august og gav dermed uttrykk for norsk solidaritet med dei undertrykte folka i dei minoritetsstyrte områda i det sørlege Afrika. Regjeringa har gjort det klart at Noreg vil freiste å gjere sitt for å auke presset på styret i Sør-Afrika for at det skal gjere slutt på apartheidsystemet. I Lagos vart det frå norsk side lagt fram eit seks-punkts handlingsprogram på dette området, og ulike tiltak er blitt drøfta på nordisk basis.

Noreg yter humanitær hjelp til dei undertrykte folk i det sørlege Afrika. Ein stor del av stønaden blir kanalisert gjennom frigeringsrørslene i Sør-Afrika, Namibia og

Zimbabwe. Vidare humanitær hjelp blir gitt gjennom norske og internasjonale organisasjonar.

I FN, NATO og andre internasjonale fora har Noreg teke aktivt del i arbeidet for rustningskontroll og nedrustning. Noreg er valt til medlem av den komiteen som førebur FN's spesialsesjon i 1978 om nedrustningsspørsmål.

I arbeidet for nedrustning og rustningskontroll har Noreg lagt særleg vekt på tiltak for å hindre spreiding av kjernefysiske våpen. Noreg stør arbeidet for å få lagt den fredelige utnyttinga av atomenergien under effektiv internasjonal kontroll. Noreg stør også dei planar og framlegg som ligg føre, m.a. i Nedrustningskomiteen i Genève, om forbod mot kjemiske våpen og om totalforbod mot prøver med kjernefysiske våpen. Drøftingane om desse spørsmåla har førebels ikkje gitt konkrete resultat.

Det er viktig at drøftingane i Wien om gjensidige reduksjonar av militærstyrkane i Sentral-Europa gir resultat. Gjennom deltaking i desse drøftingane freistar ein på norsk side å oppnå at det også blir teke omsyn til dei synspunkt og interesser Noreg har som flankeland.

Noreg har lagt stor vekt på drøftingane mellom USA og Sovjetunionen om nye avgrensingar av dei strategiske våpensystema, som også er ein viktig lekk i den allmenne avspenningsprosessen og den vidare utviklinga av aust-vest-tilhøva.

Regjeringa har halde fram med arbeidet med å styrkje og utvikle vidare grannetilhøvet med Sovjetunionen og byggje ut kontaktane med dei andre aust-europeiske landa.

Det har vore ei ny forhandlingsrunde om avgrensinga av norsk og sovjetisk kontinentalsokkelområde i Barentshavet.

Noreg har målmedvete arbeidd for ei balansert iverksetjing av sluttakta frå Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa. I denne samanhengen har Noreg teke del i samrådingar både med andre NATO-land og med aust-europeiske og alliansefrie land. Det er lagt vekt på spørsmål om menneskerettar og kontakt mellom menneske, tillitskapande tiltak på det militære området og miljøvern. Ein har likeins vore særskilt oppteken av å føre vidare avspenningsprosessen, og i samband med dette har Noreg teke aktivt del i førebuingane av oppfølgingsmøtet i Beograd.

Noreg har halde fram med arbeidet for å styrkje respekten for og gjennomføringa av menneskerettane i alle delar av verda. På den fjerde og avsluttande delen av Diplomatkonferansen om menneskerettane i væpna konflikhtar, som vart halden i Genève i mars—juni, tok Noreg aktivt del i arbeidet for å

styrkje det folkerettslege vernet for krigsoffer.

Noreg har vore aktivt med i det politiske og militære samarbeidet i NATO. Rådleggingane innan alliansen har framleis gitt Noreg høve til å vere med i samordninga av politikken til medlemslanda i avspenningsprosessen mellom Aust og Vest og i spørsmål om rustningskontroll og nedrustning.

I det militære samordningsarbeidet innanfor NATO har Noreg framleis lagt vekt på å oppnå ei meir effektiv utnytting av forsvarsressursane med hjelp av auka produksjonssamarbeid, standardisering og evne til operativt samarbeid når det gjeld det militære utstyret til medlemslanda.

Noreg tok aktivt del i arbeidet på den 6. sesjonen av FN's havrettskonferanse, som har til oppgåve å nå fram til ein ny konvensjon om havretten. Arbeidet omfattar bl.a. spørsmål om utstrekninga på sjøterritoriet, økonomiske soner og likeins skipinga av ein internasjonal organisasjon til å forvalte mineralressursane på havbotnen utanfor nasjonal jurisdiksjon. Vidare skal traktaten omfatte reglar for løysing av tvistar som måtte komme opp når traktaten blir nytta. Det vanskelegaste spørsmålet som står att, gjeld reglane for utvinning av mineralrikdommane på dei store havdjupa. Havrettskonferansen held fram med ny sesjon i Genève frå 27. mars—12. mai 1978.

Noreg har arbeidd for vidare utbygging av det vest-europeiske samarbeidet og for ei styrking av Europarådet si rolle i dette samarbeidet.

Gjennom gjestingar på statsrådsnivå og regelbundne samrådingar på embetsmannsplan har Regjeringa freista å utvikle vidare det nære sambandet mellom Noreg og dei vestlege landa.

Noreg har halde fram med arbeidet med å styrkje kontaktane med landa i den tredje verda både på tosidig basis og gjennom dei internasjonale organisasjonane.

Regjeringa har sett det slik at ho ved å kombinere vestleg samarbeid med solidaritet med landa i den tredje verda har kunna gjere sitt for å minske dei internasjonale motsetnadene og skape eit betre grunnlag for ein dialog mellom industrilanda og utviklingslanda. Det er også lagt vekt på å utdjupe dialogen med landa i den tredje verda gjennom gjensidige gjestingar på statssjefs- og statsrådsnivå.

Samarbeidet med utviklingslanda er ført vidare og blir bygd ut i samsvar med dei prinsippa og retningslinene som Stortinget har godkjent.

Noregs offentlege utgifter til utviklings-

hjelp og internasjonalt humanitært hjelpearbeid kom i 1976 på tilsaman 1 225 mill. kroner. Sammanlikna med 1975 var det ein auke på 239 mill. kroner eller 24 prosent. Rekna i prosent av brutto nasjonalproduktet svara dette til 0,71 prosent mot 0,66 prosent i 1975. Noreg er eitt av dei få land som har oppfylt den internasjonale målsetnaden om å overføre 0,7 prosent av brutto nasjonalproduktet til utviklingsland. Den norske hjelpa til utviklingsland i 1976 fordelte seg med 49 prosent til tosidige og 51 prosent til fleir-sidige tiltak, medan fordelinga i 1975 var 55 mot 45 prosent. Av den tosidige delen administrerte internasjonale hjelpeorganisasjonar om lag 21 prosent.

Gjennom Garanti-Instituttet for Eksportkreditt er det gitt fullmakt til å gi tilsegn om inntil 1 000 mill. kroner i statleg stønad for å redusere renteutgiftene ved eksport av kapitalutstyr m.m. til utviklingsland, eller å gi direkte tilskott i samband med slik eksport.

Ramma for den ordinære eksportgarantiordninga er auka frå 7 000 mill. kroner til 12 000 mill. kroner, samstundes som ramma for garantiar på særlege vilkår ved eksport til og investeringar i utviklingsland er auka frå 2 000 mill. til 4 000 mill. kroner.

Stortinget godkjende i juni framlegg frå Regjeringa om å gjere Sri Lanka og Mosambik til nye hovudsamarbeidsland. Det er no tingingar i gang med sikte på å gjere rammeavtaler med desse landa. Med begge landa er det ført førebels drøftingar med sikte på å velje ut område der norsk hjelp i framtida skal setjast inn. I februar vart rammeavtala om fagleg samarbeid mellom Noreg og India lengd. Det er gjort ei rad avtaler om norsk hjelp til ulike prosjekt og program i hovudsamarbeidslanda, så som vegbygging i Kenya, kraftverkprosjektering i Tanzania og hjelp til Zambias Utviklingsbank. Til Sri Lanka er det gitt hjelp i samband med sal av 8 norskbygde trålarar til fiskeflåten i landet. Bangladesh har mellom anna fått hjelp til å kjøpe eit tankskip. Hjelpesamarbeidet med Vietnam er konsentrert om utvikling av fiskeria i landet. På olje- og skipsbyggingssektoren er det planlagt eit samarbeid som i hovudsak vil gå føre seg på kommersielt grunnlag, men også her vil offentleg hjelp til opplæring komme inn.

Noreg heldt fram med gjennomføringa av det økonomiske samarbeidet med Portugal for å stø ei demokratisk utvikling i landet. Norske hjelpetiltak har vore konsentrerte innanfor fiske, skogbruk og husbygging, men etter kvart er samarbeidet utvida til å femne om tiltak innanfor jordbruk, turisme, industri, undervisning, offentleg administrasjon og økonomisk planlegging. Dessutan er No-

reg med i planlegging og gjennomføring av ulike hjelpeprogram til fordel for Portugal innanfor ramma av m.a. EFTA, OECD og Europarådet. Med atterhald om samtykke frå Stortinget vil Noreg ta del i ein internasjonal låneaksjon for å hjelpe Portugal til å løyse sine betalingsbalanseproblem ved eit lån som tilsvarar 10 mill. dollar.

Noreg har teke aktivt del i ei rad internasjonale hjelpeorganisasjonar, og har som før lagt vekt på å arbeide for dei retningslinene som er lagde fram for Stortinget. Noreg har stødd dei prinsippa som ligg til grunn for krav frå utviklingslanda om ei ny økonomisk verdsordning. Hovudmottakarar av norsk fleirsidig hjelp var i 1976 som i tidlegare år FN's utviklingsprogram og Det internasjonale utviklingsfondet. Disse organisasjonane tok i 1976 imot om lag halvparten av den fleirsidige hjelpa. Andre viktige mottakarar av norsk fleirsidig hjelp er Verdás Matvareprogram, FN's internasjonale barnefond, FN's folkefond, Den internasjonale føderasjonen for familieplanlegging og dei regionale utviklingsfonda for Afrika og Asia.

Noreg var i 1976—77 med på ei rad internasjonale konferansar om utviklingspolitiske spørsmål, såleis på møte i Det økonomiske og sosiale rådet i FN og i styret for FN's utviklingsprogram, og har også teke del i tingingane om ei ny tilskottsrunder i Det internasjonale utviklingsfondet.

Noreg ratifiserte i juli 1977 avtalen om Det internasjonale fondet for jordbruksutvikling, og har gjeve tilsegn om eit tilskott på 130 mill. kr. til første treårsperioden til fondet.

Gjennom Verdás Matvareprogram har Noreg i 1976 levert fiskeproteinkonsentrat som naudhjelp til Bangladesh, og har elles arbeidd aktivt for auka bruk av fiskeproteinkonsentrat i det regulære prosjektet under Verdás Matvareprogram.

Med atterhald om samtykkje frå Stortinget er det gjort vedtak om å yte eit tilskot til FN's fond for narkotikakontroll for gjennomføring av eit pilotprosjekt i Burma i kampen mot ulovleg produksjon og omsetnad av opium ved at bøndene som no dyrkar opiumsvalmue får hjelp til å leggje om produksjonen til nyttige landbruksprodukt.

I OECD og andre internasjonale organisasjonar har Noreg gått sterkt inn for at medlemslanda skal føre ein økonomisk politikk som held oppe sysselsetjinga.

Noreg tek del i dei fleirsidige forhandlingane i GATT om nedbygging av toll og andre handelshindringar med sikte på auka liberalisering av verdshandelen. I desse forhand-

lingane blir det lagt særleg vekt på tilhøvet til utviklingslanda.

Det nære samarbeidet i EFTA held fram. I februar hadde Den konsultative komiteen i EFTA eit spesialmøte i Stockholm der òg regjeringsmedlemmer tok del. Møtet drøfta særleg den vanskelege stoda på arbeidsmarknaden. I mai vart det i Wien halde ein konferanse av regjeringsmedlemmer frå EFTA-landa. Denne konferansen tok òg for seg den store arbeidsløysa i mange land og den vanskelege stoda i internasjonal økonomi. Det syntte seg å vere vilje til å utvide samarbeidet til økonomiske spørsmål av sams interesse. EFTA-landa er òg samde om å utvikle handelen og det økonomiske samarbeidet med Dei europeiske fellesskapa.

Gjennomføringa av handelsavtalen med Det europeiske økonomiske fellesskapet og Det europeiske kol- og stålfellesskapet held fram etter planen. Med unnatak for nokre få kjenslege varer, vart dei siste 20 prosent av dei opphavlege tollsatsane på industrivarer tekne bort 1. juli. Det er dermed skipa ein vest-europeisk frihandelsmarknad for industrivarer som omfattar 300 millionar forbrukarar i 16 land.

Det er ført tingingar med ei rekkje land om avgrensing av importen til Noreg av tekstilar og klede.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å løyse dei internasjonale valutaproblema og har ratifisert den endra avtalen om Det internasjonale valutafondet. Noregs kvote i Det internasjonale valutafondet og Noregs kapitalinskott i Den internasjonale banken for gjenreising og utvikling er auka. Noreg tek del i ein kapitalauke i Den asiatiske utviklingsbanken og i Det internasjonale utviklingsfondet.

Regjeringa har teke aktiv del i det internasjonale arbeidet for å løyse konkurranseproblema for skipsfarten og strukturproblem for skipsbyggingsindustrien.

Noreg er frå 1. januar innvald for 3 år i Styret for FN's miljøvernorgan. Noreg har teke del i FN's konferanse for vasspørsmål.

Noreg tek aktivt del i arbeidet med å styrkje internasjonale miljøverntiltak med særleg vekt på tiltak til å redusere utslepp som fører til atmosfærisk spreiding av luftureining, tiltak til å hindre havureining, og tiltak mot spreiding av giftstoff og til bevaring av truga arter.

Noreg har teke aktivt del i tingingane om eit integrert råvareprogram og eit sams fond, særleg for finansiering av internasjonale støytputelager av råvarer. Av dei 18 råvarene programmet femnar om, har ein til no byrja tingingane om kopar, jute, harde fibrar,

gummi, tropisk tømmer, mangan, bomull, vegetabiliske oljar og sukker.

Frå norsk side har ein òg engasjert seg i tingingane om ein internasjonal avtale for overføring av teknologi.

Det blir registrert ein stadig stigande etterspurnad frå utlandet etter informasjon om norske tilhøve. Også i den avtalefesta kulturutvekslinga med andre land blir det reist aukande krav til norsk innsats. Noreg har både tosidig og fleirsidig gått inn for å styrkje det mellomfolkelege og kulturelle samarbeidet. Det er gjort førebuingar til Noregs deltaking i FN-konferansen om vitskap og teknologi for utvikling som skal haldast i 1979. Det er skrive under kulturavtaler med Portugal og med Den tyske demokratiske republikken (DDR).

Forsvaret har arbeidd etter dei hovudretningslinene som er fastlagde for perioden 1974—75. Arbeidet med gjennomføringa av jagarflyprogrammet held fram med ei omfattande deltaking frå norsk industri. Som ein konsekvens av at den økonomiske sona er skipa og oppgåvene på kontinentalsokkelen er utvida, er det tidlegare sjømilitære fiskerioppsynet omorganisert og styrkt gjennom oppretting av Kystvakta.

Arbeidet for å trygge folk mot valdshandlingar og andre overgrep, og for å verne sams gode gjennom betre politiinnsats er ført planfast vidare. Tildelinga av midlar til tidhøveleg utstyr og materiell er monaleg auka. Politiet har intensivert sin innsats i kampen mot narkotikamisbruk.

Oppbygginga av den lokale statlege administrasjonen på Svalbard held fram.

Folkemengda var 4 049 000 pr. 1. oktober 1977, dvs. 0,4 prosent større enn på same tid i fjor.

Arbeidsmarknaden i Noreg har vore etter måten stram i dei åtte første månadene. I høve til same perioden i fjor har den registrerte arbeidsløysa i januar—august lege lågare, og det har vore ein markert auke i talet på registrerte ledige plassar. Samstundes har omfanget av dei omframme arbeidsmarknadstiltaka vore klart mindre.

I perioden januar—august var det gjennomsnittleg 16 300 registrerte arbeidsløysa, eller 4 100 færre enn i same tidsrommet i 1976. Ved arbeidskontora vart det i månadene januar—juli registrert ein tilgang på i alt 159 300 ledige plassar, mot 149 100 i januar—juli i fjor. Ved utgangen av august var det registrert 5 300 fleire arbeidsløysa enn ledige plassar mot 11 300 på same tid i 1976.

Omfanget av førehandsmelde driftsinnskrenkingar var i månadene januar—august monaleg større enn i 1976 og om lag like

stort som i 1975. I dei åtte første månadene vart 211 verksemder og 20 080 personar råka av driftsinnskrenkingar. Av dei var vel 15 000 permitterte. I same perioden i fjor var 218 verksemder og 8 680 personar råka av driftsinnskrenkingar.

Selektive tiltak for å halde oppe sysselsetjinga og avgrense arbeidsløysa vart nytta også i sesongen 1976—77, men i mykje mindre omfang enn i 1975. Eit hovudsynspunkt ved utforminga og gjennomføringa av tiltaka har framleis vore å halde på dei tilsette i sin vanlege verksemd så langt det har vore mogleg. Når det ikkje har late seg gjere med rimelege tiltak, har ein sett inn omframme sysselsetjings- eller opplæringstiltak for dei som har vorte arbeidsløysa. Som siste utveg har dei ledige fått arbeidsløysestønad.

Til omframme sysselsetjings- og opplæringstiltak vart det for sesongen 1976/77 løyvd om lag 400 millionar kroner. I 1. kvartal 1977 var det sysselsett gjennomsnittleg 8 400 personar og i 2. kvartal 4 800 ved slike tiltak. Det er i same følgd 5 600 og 3 500 færre enn eitt år tidlegare. Det vart i 1. halvår 1977 utbetalt 151 millionar kroner i arbeidsløysestønad som omfatta 41 500 stønadstilfelle, mot 187 millionar kroner og 45 300 stønadstilfelle i 1. halvår 1976.

Til dei selektive arbeidsmarknadstiltaka som er nemnde her, og til likviditetslån til industrien, rentestønad i samband med produksjon for lager, driftstilskott til spesielle bransjar, vedlikehalds- og investeringsarbeid av miljømessig karakter ved industriverksemder, attføringstiltak og utgifter til arbeidsformidlinga, vart det for 1976—77 løyvd i alt om lag 1,5 milliardar kroner. Det er omtrent det same som for perioden 1975—76.

Den mellombels innvandringsstoppen som vart innført tidleg i 1975, står framleis ved lag. Arbeidet med å betre situasjonen for utsette innvandrarminoritetar held fram etter dei same retningslinene som før. Pr. 1. april var det registrert 71 600 utanlandske statsborgarar i folkeregistra her i landet. Eitt år tidlegare var talet vel 68 000.

Reglane i aksjelova om medråderett for dei tilsette gjeld frå 1. januar også for statsaksjeselskap som staten eig åleine. Dei tilsette i visse andre statsverksemder har fått tilsvarende medråderett.

Staten overtok Arbeidstilsynet på det lokale planet i Østfold, Akershus, Telemark og Vestfold med verknad frå 1. oktober 1977.

Til å gjennomføre lova om arbeidarvern og arbeidsmiljø er det etablert ei rekkje økonomiske støtteordningar for næringslivet. I dei ni første månadene av året vart det gitt tilsegn om lån, garantiar og tilskott til arbeids-

miljøinvesteringar for til saman om lag 160 mill. kroner.

Ein reknar med at samla produksjon av varer og tenester vil auke med 4,3 prosent frå 1976 til 1977. Dette er ei noko mindre stigning enn året før, da produksjonen auka med 6,0 prosent. Held ein utanriks sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, ventar ein at produksjonen vil auke med 3,7 prosent, mot 5,2 prosent frå 1975 til 1976. Ein reknar med at utvinninga av råolje i Nordsjøen aukar frå 7 milliardar kroner i 1976 til 9,5 milliardar i 1977 rekna i løpande prisar.

Førebels oppgåver over varebyttet med utlandet viser at verdien av innførsla (utanom skip) i dei åtte første månadene av 1977 var 39,8 milliardar kroner, eller om lag 6,3 milliardar kroner større enn i same tidsrommet i fjor. Verdien av utførsla (medrekna nye skip) var 27,4 milliardar kroner, eller om lag 1,3 milliardar større enn i januar—august 1976. Av utførsla i dei første åtte månadene i år utgjorde råolje 4,1 milliardar kroner, mot 4,3 milliardar kroner i same perioden i fjor.

Utanom skip auka innførsla med 9,4 prosent i volum, samstundes som utførslevolumet auka med 1,3 prosent frå januar—juni i fjor til same tidsrommet i år. Utanom skip, oljeplattformer og råolje gjekk utførslevolumet ned med 3,4 prosent. Prisane på dei innførte varene (utanom skip) steig i same perioden med 8,4 prosent. For utførte varer gjekk prisane opp med 7,2 prosent.

I dei fem første månadene av året var nettofraktene frå norske skip i utanriksfart 225 mill. kroner lågare enn i same perioden i fjor. Det var i januar—mai i år eit underskott på driftsrekneskapen med utlandet på 11 345 mill. kroner, mot 8 050 mill. kroner i dei fem første månadene av 1976. Underskotet på driftsrekneskapen i januar—mai 1977 vart dekt av ein netto inngang av langsiktig kapital på 9 086 mill. kroner og ein netto inngang av kortsiktig kapital på 2 259 mill. kroner.

For jordbruket var vekstvilkåra sommarene 1977 noko skiftande. I Trøndelag og Nord-Noreg vart veksten seinka av kjølig ver, medan han i resten av landet var god. Alt i alt reknar ein med om lag middels avlingar i jordbruket, medan avlingane i hagebruket blir noko under middels. For husdyrprodukta reknar ein med om lag same mjølkeproduksjon, og truleg ein auke i slaktetilgangen i høve til 1976.

I skogbruket vart det avverka 8,25 mill. m<sup>3</sup> til sal i driftsåret 1975—76. Det vart

i tillegg avverka 0,7 mill. m<sup>3</sup> til bruk på gardane. Avverkinga i driftsåret 1976—77 var lægre enn året før.

Utbyttet av fisket var i 1. halvår om lag 1,9 mill. tonn, mot om lag 1,7 mill. tonn i same perioden i 1976. Førstehandsverdien i 1. halvår var om lag 1 650 mill. kroner, som er om lag 250 mill. kroner meir enn i same tidsrommet i fjor. Auken i fangstmengda kom først og fremst av at loddefisket i 1. halvår gav eit betre utbytte enn i same perioden 1976. Også skrei- og vårtorskefisket gav større utbytte enn året før. Den sterke auken i verdi kjem òg av at førstehandsprisane til fiskar var høgare enn året før. Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt gjekk sterkt opp, frå 1 846 mill. kroner i 1. halvår 1976 til 2 219 mill. kroner i 1. halvår 1977.

I bergverksdrift, industri og kraftforsyning var produksjonen (medrekna oljeutvinning) i dei sju første månadene om lag uendra i høve til same perioden i 1976. For bergverksdrift var det ein produksjonsauke på 5 prosent (medrekna oljeutvinning) og for industri ein auke på 1 prosent, medan det for kraftforsyning var ein nedgang på 12 prosent.

Samanlikna med dei sju første månadene i 1976 var det ein auke i eksportvareproduksjonen på 2 prosent, i konsumvareproduksjonen på 1 prosent og i varer til bygg og anlegg på 2 prosent. Produksjonen av vareinnsatsvarer elles og av investeringsvarer gjekk ned med 1 prosent.

Frå utgangen av juni 1976 til utgangen av juni 1977 auka lagra av eigne produkt i bergverk og industri med 1 prosent og lagra av eksportvarer med 5 prosent.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1976 var 82,2 milliardar kWh. I dei sju første månadene av 1977 var produksjonen om lag 42,1 milliardar kWh, mot 48,1 milliardar kWh i same tidsrommet i fjor, ein nedgang på vel 12 prosent. Det innanlandske salet av petroleumsprodukt auka i same perioden med 8 prosent. Magasinfyllinga var 1. september i år 70 prosent — den lågaste på fleire år. På same tid i fjor var magasinfyllinga 90 prosent.

Byggjeverksemda har hatt noko større omfang i år enn i fjor. Ved månads-skiftet juli—august var areal i arbeid om lag 5 prosent større enn året før. Areal som vart sett i arbeid i januar—juli, var vel 2 prosent større, og areal som var teke i bruk, vel 3 prosent mindre enn i same perioden i 1976.

I dei sju første månadene av 1977 vart det sett i arbeid 19 787 og fullført 20 865 bustader. Pr. 31. juli var det i arbeid 34 109 bustader. Samanlikna med 1976 er dette ein nedgang

på 5,5 prosent for bustader som vart sette i arbeid, nær 11 prosent for fullførte bustader og 3,6 prosent for bustader i arbeid.

For andre bygg enn bustader og bygg for jordbruk, skogbruk og fiske har det for dei sju første månadene vore ein auke på vel 9 prosent for igangsett areal, nær 3 prosent for fullført areal og 10 prosent for areal i arbeid.

Handelsflåten auka med 352 000 bruttotonn i 1. halvår, og var på 27,4 mill. bruttotonn ved utgangen av juni. Tanktonnasjen minka i 1. halvår med 27 000 bruttotonn.

Ved halvårsskiftet var det under bygging eller tinga for norsk rekning ved utanlandske verkstader skip på til saman 3,5 mill. bruttotonn. Dette var ein nedgang på 1,3 mill. bruttotonn frå same tid i fjor. Ved norske verkstader var det for norsk rekning under bygging eller tinga skip på til saman 0,3 mill. bruttotonn, eller 0,3 mill. bruttotonn mindre enn på same tid i fjor.

Utover i 1976 var det ein svak auke i fraktratene på verdsmarknaden. Etter årsskiftet fall ratene på nytt og var i 1. halvår svært låge. Ved utgangen av juli låg 73 skip på til saman 5,2 mill. bruttotonn, eller om lag ein femtedel av heile den norske handelstonnasjen, i opplag. Ved utgangen av juli i fjor var opplaget om lag ein fjerdedel av handelstonnasjen.

For å sikre verdfull norsk tonnasje er det gjennom Norsk garantiinstitutt for skip og borefartøy gitt garantiar for 3,0 milliardar kroner.

Det innanlandske persontransportarbeidet heldt fram å stige i 1975. Auken er rekna til 8,7 prosent. Godstransportarbeidet stagnerte etter å ha stege i ei årrekke.

Det offentlege vegnettet var ved utgangen av 1976 78 100 km. Dette er 1 000 km meir enn året før. Om lag 37 000 km offentleg veg har fast dekke medrekna oljegrusdekke. Av riksvegnettet kan 97,6 prosent trafikkerast av vogner med akseltrykk på 8 tonn, og 6,9 prosent er tillate for 10 tonns akseltrykk. Vegstandarden er bl.a. betra ved at nye bruer, ferjer og ferjesamband er tekne i bruk, og ved at eksisterande bruer er forsterka og fleire ferjestrekningar innkorta. Av større bruanlegg som er fullførte og opna for trafikk siste året, kan nemnast Øyvollsundbrua i Vest-Agder, Vegsundbrua og Verjeskiftebrua i Møre og Romsdal, Nidelvbrua i Sør-Trøndelag og den første av Engeløybrue og Sundklakkstraumbrua i Nordland.

Ved utgangen av 1976 var talet på registrerte bilar i Noreg om lag 1,2 millionar. Det er 6,3 prosent fleire enn året før. Bilparken

har auka med 40 prosent sidan 1970. Biltettleiken er framleis størst i fylka på Austlandet, men blir stadig utjamna landsdelane imellom.

Etter den sterke auken i vegtrafikken i 1975, har auken i 1976 vore noko veikare ved teljestadene. Han er rekna til 5,6 prosent, og det er om lag det same som den gjennomsnittlege årlege auken i perioden 1970—74.

Talet på drepne og skadde menneske i vegtrafikken auka sterkt opp til 1970. I perioden 1970—75 var tala for drepne nokolunde uendra frå år til år trass i auken i bilpark og trafikkmengd. I 1976 vart 471 drepne i trafikken. Det er ein nedgang på nesten 15 prosent frå året før. Også talet på skadde viste nedgang i 1976.

Den samla rutelengda i ferjesambanda pr. 31. desember var 2 420 km, fordelt på 170 samband. Dei er trafikerte av 255 ferjer med til saman 6 245 personbilplassar. Kapasiteten auka med om lag 100 personbilplassar frå 1975. Det vart frakta 10 prosent fleire bilar og 6 prosent fleire personar i 1976 enn året før.

I alt 25 ekspressbåtar trafikkerer ruter på norskekysten i 1977. Bortsett frå overgangen til ekspressbåtar har det ikkje vore vesentlege endringar i dei sjøverts rutene i dei seinare åra. Sjøtransporten er det dominerande transportmiddelet for frakting av gods over lange avstandar, og etter dei utrekningar som er gjorde, var transportarbeidet i 1975 10,9 milliardar tonnm, dvs. 64 prosent av det totale innanlandske transportarbeidet. Ca. 90 prosent av transportarbeidet på kysten var leigettransport og eigentransport, dvs. ikkje rutegående transport.

Persontransporten på jernbanen kom i fjor opp i 1 997 mill. personkilometer. Dette er ein auke på 2,5 prosent frå 1975. Den innanlandske trafikken steig med 2,6 prosent, medan samtrafikken med utlandet steig med 1,2 prosent. Godstransporten på jernbanen utanom malmtransporten på Ofotbanen auka i 1976 med 2,7 prosent til 1 993 mill. tonnm. Malmtransporten på Ofotbanen, som i 1975 var svært låg, kom i 1976 opp i 17,9 mill. tonn, ein auke på 15,3 prosent.

Kortbaneflyplassen i Nordkapp kommune vart opna den 30. juni i år. Kapasiteten på dei innanlandske flyrutene auka med 10,1 prosent i 1976. Talet på passasjerar på dei internasjonale rutene steig med 7,9 prosent, medan auken på dei innanlandske rutene var 10,2 prosent.

Telefontettleiken var ved utgangen av 1976 36,6 telefonapparat pr. 100 innbyggjarar. Tilsvarende tal for året før var 35,0. 90,6 prosent av apparata er tilknytte automatiske telefon-

sentralar, og 83 prosent av abonnentane kunne ringje fjernval innanlands. Av den samla innanlandske telefontrafikken vart om lag 80 prosent avvikla automatisk i 1976. I 1976 var det ein auke på 42 912 hovudabonnentar og 69 096 apparat. Det vart i 1976 tinga 68 201 nye telefonabonnement. Det var i 1976 ein auke i alle trafikkgreiner i Televerket, bortsett frå telegramtrafikken, som minkar frå år til år.

I 1976 er den totale postmengda som Postverket tok seg av, rekna til 1 090 mill. sendingar. Dette er ein auke på 5,7 prosent frå året før. Ved utgangen av 1976 var det i drift 2 982 faste poststader og 11 postekspedisjonar på jernbane og skip. Talet på faste poststader har gått ned med 69 i 1976, medan talet på postekspedisjonar er uendra. Gjennom utviding av landpostrutenettet har ein gitt postteneste til folk som sokna til dei nedlagde poststadene.

Konsumprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 8,9 prosent høgare enn i tilsvarande periode i fjor. Frå januar til august steig indeksen med 5,9 prosent.

Engrosprisindeksen låg i gjennomsnitt for dei åtte første månadene 6,7 prosent høgare enn i tilsvarande periode året før.

Dei private inntektene har auka noko mindre frå 1976 til 1977 enn frå 1975 til 1976. Det same gjeld utbetalt lønn pr. årsverk.

Det private forbruket steig etter måten sterkt frå 1. halvår i fjor til 1. halvår i år, og for 1977 under eitt reknar ein med ei stigning frå året før på 5,5 prosent.

Bruttoinvesteringane i fast realkapital reknar ein med skal auke med 8 prosent frå 1976 til 1977. Held ein investeringane i sjøfart og oljeutvinning m.m. utanfor, reknar ein med ein vekst på om lag 10 prosent. Frå 1975 til 1976 steig bruttoinvesteringane i alt med 12,1 prosent, medan investeringane utanom sjøfart og oljeutvinning m.m. steig med 5,3 prosent.

Kredittpolitikken for 1977 vart lagt opp strammare enn året før når ein ser bort frå kreditttilførselen til olje- og sjøfartsektorane. Utlåna frå forretnings- og sparebankane viste likevel sterk auke i første halvår, og utlånsauken for heile 1977 vil truleg bli mykje større enn styremaktene gjekk ut frå i fjor.

Likviditeten i forretnings- og sparebankane var romsleg i dei første månadene av året, men har seinare vorte gradvis tilstramma, bl.a. ved heving av primærreservekrava og

ved tilstramming av føresegnene om plasseringsplikt.

Finanspolitikken førte i første halvår 1977 til monaleg mindre inndraging av likvidar frå publikum enn i første halvår 1976.

Statens driftsutgifter og utgiftene til investeringar steig med 14 prosent frå første halvår 1976 til første halvår 1977, medan overføringane auka med nesten 28 prosent. Dei samla utgiftene til staten medrekna lånefinansieringar var i første halvår 1977 30,2 milliardar kroner. I same tidsrommet utgjorde dei samla utgiftene i trygdesektoren om lag 12,2 milliardar kroner. Folketrygdfondet med arbeidsmarknadsfondet var ved utgangen av første halvår på 13,3 milliardar kroner.

Den kommunale og fylkeskommunale aktiviteten er framleis høg. Sektoren står overfor sterke krav om ei vidare utbygging av undervisning, helse- og sosialomsorg, vassforsyning, kloakkrensing og andre bustad- og miljøverntiltak. Dei kommunale budsjetta er framleis stramme, samstundes som opplåninga aukar. Omorganiseringa av fylkeskommunane med overgang til direkte fylkesskatt og endringar i det finansielle mellomværet mellom stat- og kommunesektoren har skapt og skaper enno ei rekkje spesielle overgangsproblem. Store overføringar frå statsbudsjettet til skatteutjamning har hjelpt til å kompensere for verknadene av reformene. Ved fordelinga av skatteutjammingsmidlane blir det òg lagt stor vekt på å jamne ut inntektene i kommunane.

I 1976 vart det under løyvinga til kommunale utbyggingstiltak gitt tilsegn om 69,7 mill. kroner til spesielle grunnlagsinvesteringar og 22 mill. kroner til vassverk. I første halvår 1977 er dei tilsvarande tala ca. 38 mill. kroner og ca. 13,5 mill. kroner.

Distriktenes utbyggingsfond gav i 1976 tilsegn om lån og garantiar for 692 mill. kroner, tilsegn om investeringstilskott på 310 mill. kroner og tilsegn om tilskott til flytting og opplæring med 30,3 mill. kroner. I alt vart det i 1976 gitt tilsegn om lån, garantiar og tilskott frå Distriktenes utbyggingsfond med 1 036 mill. kroner mot 1 048 mill. kroner i 1975. I første halvår 1977 vart det gitt tilsegn om ca. 402 mill. kroner i lån og ca. 231 mill. kroner i investeringstilskott.

Selskapet for industrivekstanlegg (SIVA) har 14 industrivekstanlegg. I alt hadde selskapet pr. september 1977 reist 42 bygg med eit samla golvareal på om lag 133 000 m<sup>2</sup>. Dei verksemder som har flytta inn, hadde vel 2 500 sysselsette (medrekna dei som er sysselsette på dei anlegga som Akersgruppen sjølv har i Verdalen).

Løyvinga til regional transportstønad for inneverande år er på 56 mill. kroner. I første halvår 1977 er det tilvist til utbetaling 23,2 mill. kroner. Totalt utbetalt stønadssum i 1976 var 35,8 mill. kroner.

Ved stønadsordninga til daglegvareforretningar i område med spreidd busetnad blir det bl.a. gitt tilskott til investeringar i nybygg, tilbygg og modernisering.

Det er skipa fylkeskartkontor i alle fylka, og sett i gang arbeid med ein samla norsk kartplan.

16 fylkesplanar er mottekne til førehaving og av dei er 14 planar gjennomgått hittil.

Kulturminnevernet har hatt framgang også i 1977. Både økonomisk og administrativt er kulturvernsektoren styrkt.

Ein stadig aukande del av folket er til dagleg plaga av støy på arbeidsplassen eller i heimen. I St.meld. nr. 50 (1976—77) om tiltak mot støy er det drege opp retningsliner for arbeidet med støyproblema og lagt opp til eit handlingsprogram mot støy.

Ureiningssituasjonen i Mjøsa er alvorleg, og det er fare for varig skade i innsjøen dersom ein ikkje snøgt får redusert tilførselen av ureining. Regjeringa har derfor forsert arbeidet for å gjennomføre tiltak mot ureining i nedbørsfeltet til Mjøsa.

Forskrifter om bruk av fyringsolje med ikkje meir enn 1,0 prosent svovelinnhald tok til å gjelde 1. januar. Forskriftene gjeld for all ny verksemd i kystfylka frå Østfold til og med Rogaland.

Det er sett i gang ei permanent overvaking av luftureiningstilstanden i ein del byar og tettstedar i landet.

Det blir årleg her i landet utrangert eit temmeleg stort tal bilar. Det blir no arbeid med å få skipa eit landsomfattande system for disponering av bilvrak og anna metallskrap.

Lov om produktkontroll tok til å gjelde 1. september. Føremålet med lova er å styrkje kontrollen med helsefarlege og miljøfarlege produkt.

Ved kgl. res. av 2. september vart Jærstrendene landskapsvernområde skipa med tilhørande freding av plante- og fuglelivet og av geologiske naturminne.

Grunnbeløpet i folketrygda vart auka frå kr. 12 100 til kr. 13 100 med verknad frå 1. januar, og til kr. 13 400 med verknad frå 1. mai. Særtillaget til ytingar frå folketrygda er frå 1. mai auka frå 25 til 31 prosent av grunnbeløpet for ugift pensjonist og pensjonist med ektemake som ikkje har pensjon frå folketrygda. For pensjonist med ektemake som har pensjon, vart satsen heva frå 24 til 30 prosent.

Pensjonane etter lov om yrkesskadetrygd vart frå 1. januar auka med 11 prosent.

Det er gjort omfattande endringar i sjukepengeordninga.

Med verknad frå 1. juli er retten til ytingar ved svangerskap og barnefødsel mykje utvida. Stønadsperioden for løpande ytingar (fødselspengar) er utvida frå 72 til 108 dagar, og det er innført rett til ytingar også for barnefaren, slik at inntil 72 dagar av den totale stønadsperioden kan takast av han dersom han har omsorga for barnet. Det er innført ei ordning med eingongsstønad ved barnefødsel på 20 prosent av grunnbeløpet i folketrygda til heimearbeidande kvinner og andre som ikkje fyller vilkåra for løpande ytingar som yrkesarbeidande. Arbeidstakarar som etter reglane i lova om arbeidervern og arbeidsmiljø, nyttar seg av retten til å ta fri når barn er sjuke, skal ha rett til sjukepengar frå arbeidsgivaren under fråværet.

Ankerestansane i Trygderetten og Rikstrygdeverket er no monaleg nedarbeidde.

Det er gjort tiltak for å skape betre vilkår for fylka til å ta hand om narkomane ved at ein i samsvar med stortingsmeldinga om narkotikaproblem har byrja å skipe egne faggrupper som skal ha det til arbeidsoppgåve.

Pasientar som får reseptpliktig medisin send frå apotek, slepp no å betale fraktkostnadene. For å betre legemiddelforsyninga er det oppretta fleire nye apotek, særleg i utkantstrok og ved sjukehus.

Personellsituasjonen i folketannrøkta er tilfredsstillande, medan personellsituasjonen innan den offentlege legetenesta er mindre god. Det er gjort praktiske tiltak for å betre denne situasjonen, forsøksvis i dei tre nordlegaste fylka.

Det er drege opp nye retningsliner for arbeidet med funksjonshemma i samfunnet. Arbeidet med å betre situasjonen for dei døvblinde er styrkt.

Ved utgangen av 1976 var heimesjukepleie innført i 399 kommunar.

Over statsbudsjettet er det gitt tilskott på 100 mill. kroner til å byggje ut den sosiale fagadministrasjonen og til andre styrkingstiltak innan den kommunale sosialektoren.

Ved utgangen av 1975 var det ca. 9 300 barn under vernetiltak av barnevernsnemndene. Av dei var 5 300 barn under omsorg. Det er no skipa fosterheimsentralar i 13 fylke. Arbeidet med førebyggjande tiltak for barn og unge er intensivert. Det er sett i verk forsøksprosjekt for å vinne røynsle om verknaden av ulike tiltak i barnevernet.

Arbeidet med å betre tilhøva for dei eldre har halde fram etter dei retningsliner som er drege opp i stortingsmeldinga om dei eldre

i samfunnet. Det er i første rekkje lagt vekt på tiltak for eldre som bur heime. Ordninga med bruk av statsmidlar til å finansiere telefonar for eldre og uføre er utvida. Ei ordning med utvida og forbetra bustønad for eldre og uføre med høge bu- og brenselutgifter, er sett i verk frå 1. september.

Det samla registrerte alkoholkonsumet heldt fram å stige i 1976 med 0,7 prosent frå året før. Konsumet av brennevin auka med 1,2 prosent, vinkonsumet gjekk ned med 1,7 prosent, medan konsumet av øl steig med 0,8 prosent i 1976. Frå 1. mars er det gjennomført forbod mot reklame for alkohol. Forbodet rettar seg i prinsippet mot all form for reklame for alkohol. Dei særskilde haldningsskapande kampanjane mot rusgift i regi av Statens edruskapsdirektorat held fram.

Alle kommunar i landet har innført hjelpeordningar for heimane. Talet på hjelparar i arbeid 1. januar var i alt 36 161.

Pr. 1. september er det til saman godkjent 44 800 barnehageplassar i landet, av dei 4 700 korttidsplassar. Det er tilsett barnehagekonsulent i 12 fylke og godkjenningssmynde for barnehagar er overført til 6 fylkesmenn.

Forskrifter om fibermerking av tekstilprodukt og vedlikehaldsmerking av nye plagg av tekstilprodukt m.m. har teke til å gjelde.

Utbygginga av det lokale forbrukarapparatet med eitt forbrukar- og heimstellkontor i kvart fylke byrja i 1973. Pr. 1. september var 16 kontor i drift. Det har vore ein sterk oppgang i det samla talet på klagar til Forbrukarrådet i 1976. Auken frå 36 000 i 1975 til 49 500 i 1976 kjem i det vesentlege av at så mange vender seg til kontora i fylka.

Saksmengda hos Forbrukarombodsmannen synest ha stabilisert seg på om lag 2 000 saker pr. år. Ei årsak til stabiliseringa kan vere at Forbrukarombodsmannen har oppnådd ei sanering av den marknadsføringa som er i strid med marknadslova. Det gjeld bl.a. tilgift, postordresal og næringsmiddelreklame om slanking o.l.

Hjelpetiltak for å halde opp ei differensiert dagspresse er utvida.

Utgiftene til utdanning og kulturformål på stats- og kommunebudsjetta er i 1977 om lag 16 milliardar kroner.

I kyrkja er det no 1 086 prestestillingar forutan feltprestestillingane. Talet på ledige prestestillingar er framleis etter måten stort. Talet på kateketstillingar er komme opp i 48.

Det er siste året godkjent planar for 3 nye kyrkjebygg. I tillegg til dette kjem andre bygg som blir vigsla til kyrkjeleg bruk.

I samband med den pågåande revisjonen av den kyrkjelege inndelinga er det skipa 7 nye sokner, av dei er 5 eigne prestegjeld.

Talet på elevar og studentar i skoleåret 1976—77 er om lag 825 000. I skoleåret 1977—78 har grunnskolen om lag 598 000 elevar. Av desse går nær 3 000 i private skolar.

Talet på grunnskolar som femner om alle ni årsstega aukar framleis, og er no om lag 480. I takt med utbygginga av dei små skoleiningane minkar talet på internatelevar. I statlege og kommunale internat bur det no om lag 530 grunnskoleelevar.

Ved dei statlege spesialskolane er det om lag 1 350 elevar. Det er skipa egne styre ved dei fleste skolane.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta for grunnskolen er utbygd i alle fylka. Tenesta er organisert i kommunale eller interkommunale einingar, og det er berre eit fåtal kommunar som ikkje har slik teneste.

I skoleåret 1977—78 er det i kommunale og fylkeskommunale vidaregåande skolar om lag 132 000 heilårselevar, medrekna 4 000 elevar under vaksenopplæring. Av desse får om lag 1 100 spesialundervisning.

Etter at staten tok over grunnskolen på Svalbard hausten 1976, er det bygd fire familiebusader for lærarar som er tilsette ved skolen.

Det samiske utdanningsrådet har fått sekretariat i Kautokeino. Vidaregåande skole for samar og sameinteressert ungdom er under bygging i Karasjok.

Frå i haust har i alt 175 av 228 tidlegare gymnas gått over til ny struktur og nye læreplanar. Det er laga nye eller tilpassa fagplanar for dei fleste faga. Særleg har det vore arbeid med fagplanane for dei vidaregåande kursa.

Statens trafikklærarskole arbeider no med eit nytt utdanningsmønster for trafikklærarar. Kurs for tenestemenn i Statens biltilsyn er i gang ved skolen. Utdanning av yrkessjåførar er no i gang ved sju vidaregåande skolar. Ved to skolar er det starta utdanning av anleggsmaskinførarar og reparatørar til slike maskinar.

Ved utgangen av juli månad var det om lag 527 000 m<sup>2</sup> skolebygg i arbeid. Til nybygg for yrkesliner i den vidaregåande opplæringa er det gitt omframt statstilskott.

Lærlingelova gjeld i 151 kommunar. I industrifaga vart det i 1976 gitt 3 567 nye fagbrev mot 3 523 året før. I handverksfaga var talet på fag- og sveinebrev 1 566 i 1976 mot 1 515 i 1975.

Talet på studentar i høgre utdanning er i haust om lag 65 500. Av dei går 11 700 studentar i pedagogiske skolar, 4 900 i ingeniørhøgskolar og 4 900 i distriktshøgskolar.

Dei regionale høgskolestyra har frå i haust ansvaret for planlegging og drift av distrikts-

1977. 12. okt. — Åpning av det 122. ordentlige Storting

høgskolane, ingeniørhøgskolane, dei pedagogiske høgskolane og sosialskolane.

Ved dei pedagogiske høgskolane vart det våren 1977 uteksaminert 2 000 allmennlærarar, 1 100 førskolelærarar og 250 faglærarar. 2 800 lærarar tok 1-årig vidareutdanning som fulltidsstudentar og ca. 1 800 tok ½-årig vidareutdanning som deltidsstudentar.

Utanom dei 8 distrikthøgskolane som var i drift i undervisningsåret 1976—77, er det i haust sett i gang undervisning ved distrikthøgskolen i Østfold. Undervisninga er lagd til Halden. Ved dei andre distriktshøgskolane har studenttalet auka med i alt 400.

Ved universiteta og dei vitenskaplege høgskolane er det i haust eit studenttal på om lag 42 000. Talet på norske studentar i utlandet er no om lag 2 600. Ved Universitetet i Oslo har studenttalet stabilisert seg på 20 000. Reising av nybygg for universiteta held fram, og m.a. blir eit stort nybygg for realfag teke i bruk i Bergen. I tillegg til den vanlege utdanninga av medisinarar administrerer Universitetet i Tromsø no utdanning av helse-systrer og sjukepleielærarar.

Lov om vaksenopplæring som vart sett i verk 1. august 1977, gir grunnlag for auka verksemd på eit vidare felt enn tidlegare.

Yrkesopplæring for vaksne som lekk i arbeidsmarknadspolitikken er ført vidare i om lag same omfang som tidlegare.

I førstegongsutdanning for vaksne i grunnskolen og den vidaregåande skolen var det om lag 22 800 kursdeltakarar siste skoleåret mot om lag 16 500 året før. Da er det ikkje rekna med deltakarar ved dei kursa for vaksne som er finansierte over dei ordinære skolebudsjetta.

Opplysningsorganisasjonane har det siste året hatt om lag 580 000 kursdeltakarar i ymse opplærings- og studietiltak som er gjennomførte med stønad frå det offentlege.

Det offentlege engasjement er utvida når det gjeld tiltak for personar og grupper med særlege behov, mellom dei innvandrarar og sigøynarar.

I skoleåret 1976—77 var det i gang 88 folkehøgskolar med eit samla elevtal på 7 853.

I undervisningsåret 1977—78 er norma for studiestønad til skoleungdom og studentar over 20 år kr. 1 950 pr. måned. For dei som kan bu heime, er summen kr. 1 460.

Det blir frå 1. mars i år ikkje lenger kravd kringkastingsavgift for dei som berre bruker radio. Talet på fjernsynslisensar pr. 30. juni 1977 var 1 096 760, av dei galdt 384 285 fargefjernsyn.

Ved inngangen til 1977 vart det gitt stipend

til 442 kunstnarar over statsbudsjetten. Blant dei er 20 livsvarige kunstnarløner, 110 treårige arbeidsstipend, kvart på kr. 38 500, og 161 stipend til eldre, fortente kunstnarar.

Dei statsstødde teatra gav i 1976 om lag 4 500 framsyningar med eit samla publikumsbesøk på om lag 1,4 mill. Kinoane i Noreg hadde i 1976 eit besøk på 16,9 mill. Norske musé hadde i 1976 eit samla besøk på om lag 3,2 mill.

Samla utlån i folkebiblioteka, fylkesbiblioteka og skolebiblioteka var i 1976 21,8 mill. band.

Med stønad frå tippemidlane vart det i 1976 teke i bruk 8 nye samfunnshus, 7 idrettshaller, 25 symjehaller og ei rad utandørs idrettsanlegg. Den delen av tippeoverskottet som fall på idretten, var 101 mill. kroner. Det var 34,4 mill. kroner meir enn året før.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 122. ordentlige Storting, som Deres Majestet i dag har erklært åpnet, er det første etter nyvalg. Det nyvalgte Storting har et stort antall representanter som for første gang går til den ansvarsfulle gjerning det er å være folkets representanter.

Trontalen, som Deres Majestet nå har lest og overlevert Stortinget, er et dokument som sammen med statsbudsjetten for 1978 vil danne hovedgrunnlaget for Stortingets arbeid i denne sesjon. Trontalen forteller sitt tydelige språk om de økonomiske problemer som også vårt land nå møter ved den langvarige internasjonale økonomiske krise. I det samfunn vi i dag lever, vil de politiske tiltak og beslutninger som Stortinget gjør, være av stor betydning for å minske problemene som vårt bedriftsliv og de som er sysselsatt der, vil stå overfor. Felles for oss alle som er valgt til stortingsrepresentanter, er at vi vil bli stilt overfor store krav til vilje og evne til samarbeid for å kunne trygge vårt lands videre utvikling i den vanskelige tiden vi nå går inn i.

Den internasjonale situasjon er fremdeles preget av en rekke uløste konflikter, av krigshandlinger, sult og nød og økende flyktningstrømmer. Raseundertrykkelse, terrorisme og økt voldsbruk preger vårt verdensbilde. Så langt våre krefter og evner rekker, må vårt land yte sitt bidrag til et konstruktivt fredsarbeid, fortsatt støtte til frigjøring av undertrykte folk, arbeid for å hevde menneskerettene og hjelp til den fattige del av verden, slik

årets trontale varsler. I arbeidet for disse sakene vil Kongen og hans råd alltid kunne regne med medvirkning fra Stortingets side.

Stortingets gjerning legger et stort ansvar på den enkelte representant, og i likhet med Deres Majestet ønsker også vi at det må bli til gagn for fedrelandet.

I håp om at dette vil skje, samler vi oss i det gamle ønske:

Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Dette ønske ble istemt av Stortingets øvrige medlemmer.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyet Kronprinsen med følge forlot deretter stortingssalen ledsaget av den deputasjon som hadde fungert ved mottakelsen.

**Presidenten:** Presidenten foreslår at Hans Majestet Kongens tale og beretningen om rikets tilstand og bestyrelse utlegges for å behandles i et senere møte. — Dette forslag anses bifalt.

Møtet hevet kl. 13.30.

---